

# BOKN KOMMUNE

## Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma

### HOVUDUTSKRIFT

**Møtedato:** 23.02.2016

**Møtetid:**

Kl. 17:00 –

**Møtestad:** Boknatun

**Saksnr.:**

006/16 - 017/16

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

<b>Møteleiar:</b>	Sigmund Alvestad
<b>Frå adm. møtte:</b>	Ingunn Toft
<b>Utlevert i møtet:</b>	
<b>Orientering:</b>	
<b>Sp.mål/interpell.:</b>	
<b>Synfaring:</b>	
<b>Diverse:</b>	

Underskrifter:

---

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
006/16	Godkjenning av møtebok 26.01.2016
007/16	HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK (HIM) - REPRESENTANTER 2015 -2019.
008/16	Karmsund havn IKS - endring i vedtekter.
009/16	Interkommunal brannvernsamarbeid.
010/16	Etablering av Tomteselskap i Bokn
011/16	Næringsplan for Bokn kommune - regulering
012/16	Stedsutvikling Føresvik
013/16	Gnr. 9 bnr. 15 mfl. - Bokn kommune - ny fleirbrukshall - etablering av permanent scene - utviding av kostnadsramme
014/16	Avtale om Bokn kommune sitt tilbud om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp med Helse fonna HF.
015/16	KLINIKKPLAN FOR 2015 -2019 OG TANNHELSE I BJERKREIM, BOKN OG KVITSØY
016/16	Felles forliksråd for Tysvær og Bokn for perioden 01.01.2017 - 01.01.2021
017/16	Takstnemd for eiedomsfatt

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	23.02.2016	006/16	ACO

<b>Saksansv.:</b> Åse Karin Fjellving	<b>Arkiv:</b> K1-033, K3- &17	<b>Arkivsaknr:</b> 16/113
	<b>Objekt:</b>	

### Godkjenning av møtebok 26.01.2016

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

### 23.02.2016 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA

#### SB-006/16 VEDTAK:

Møteboka vart godkjent slik ho låg føre.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	23.02.2016	007/16	JEN

<b>Saksansv.:</b> Jan Erik Nygaard	<b>Arkiv:</b> K1-033 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 15/677
------------------------------------	--	-----------------------------

### HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK (HIM) - REPRESENTANTER 2015 -2019.

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	U	02.12.2015	Haugaland interkommunale miljøverk	Val av representanter til Haugaland Interkommunale miljøverk for perioden 2015 - 2019.
2	I	28.01.2016	HIM as v/ Gro Staveland	Vedr. oppnevning av representant til klageorgan i HIM

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kommunestyre vedtek å oppnemnva .....som representant og .....som vararepresentant i det interkommunale klageorganet HIM i perioden 2015 – 2019.

-----  
Jan Erik Nygaard  
Rådmann Bokn kommune

## **23.02.2016 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA**

### **SB-007/16 VEDTAK:**

Seniorrådet støttar Rådmannen si innstilling i saka.

### **Kva saka gjeld:**

Saka gjeld oppnemning av representant og vararepresentant til klageorgan i HIM.

### **Bakgrunn for saka:**

Ein viser til brev frå HIM som er klippa inn i saka.



Likelydende brev til:  
Bokn kommune  
Etne kommune  
Haugesund kommune  
Tysvær kommune

Skjold 28. jan. 2016

#### **Vedr. klageorgan for vedtak fattet av HIM**

Det vises til brev av 20.06.14 og 23.06.15 vedr. behov for å opprette et klageorgan for vedtak som er fattet av HIM. Som vist til i brev av 23.06.15 behandlet eierkommunene saken noe ulikt i 2014, og styret og representantskapet i HIM behandlet saken på ny i 2015 med følgende vedtak:

Styret innstilte i møte 13.04.15 slik til representantskapet:

1. *Det opprettes et interkommunalt klageorgan med representanter fra hver eierkommune. Klageorganet skal fatte endelig vedtak i klager på enkeltvedtak fattet av administrasjonen i HIM*
2. *Høsten 2015 oppnevner hvert enkelt kommunestyre representanter til HIM sitt representantskap og representanter til et interkommunalt klageorgan samt event. forslag til styremedlemmer.*
3. *Konkret klagesak fra Baustad i Tysvær kommune oversendes interkommunalt klageorgan når dette er opprettet.*

I møte i representantskapet i HIM 20.05.15 ble det fattet følgende vedtak:

#### **Opprettelse av klageorgan i HIM - Enstemmig vedtak:**

*Det opprettes et interkommunalt klageorgan med representanter fra hver eierkommune sin klagenemnd (leder). Klageorganet skal fatte endelig vedtak i klager på enkeltvedtak fattet av administrasjonen i HIM.*

HIM sendte deretter et brev 23.06.15 til alle eierkommunene der vi ba om at det etter valget høsten 2015 ble oppnevnt en representant fra hver enkelt kommune til et interkommunalt klageorgan. Dette klageorganet skal fatte endelig vedtak i klager på enkeltvedtak fattet av administrasjonen i HIM. Det er foreløpig kun Vindafjord kommune som har oppnevnt representant til klageorganet, se vedlagt kopi av brev av 14.12.15.

HIM ber om at det oppnevnes representanter fra Bokn, Etne, Haugesund og Tysvær kommune i tråd med vedtak 20.05.15 i HIM sitt Representantskap.

Med hilsen

**HIM - Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS**

Gro Staveland  
Daglig leder

Kopi: Vindafjord kommune

HIM Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS

NO-5574 Skjold telefon: 52 76 50 50 telefax: 52 76 50 51 e-post: him@him.as bankgiro: 3243 40 13959 foretaksregisteret: NO 970 919 910 MVA

#### **Vurdering:**

I samsvar med brev frå HIM vil rådmannen rå til at Bokn kommunestyre oppnemner 1 representant med vara til det interkommunale klageorganet i HIM for perioden 2015 – 2019.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	23.02.2016	008/16	JEN

<b>Saksansv.:</b> Jan Erik Nygaard	<b>Arkiv:</b> K1-026, K2-P	<b>Arkivsaknr</b>
	<b>Objekt:</b>	15/54

### Karmsund havn IKS - endring i vedtekter.

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	20.01.2015	Karmsund Havnevesen v/ Heidi Synnøve Nymann	Endring i Karmsund interkommunale havnevesen IKS selskapsvedtekter - § 1 navneendring
2	I	23.04.2015	Karmsund Havn	027-15 Selskapsvedtekter KIH
5	I	09.12.2015	Karmsund Havnevesen IKS	Endring i Karmsund Interkommunale Havnevesen IKS selskapsvedtekter §§ 3, 4 og 21 samt protokoller.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Bokn kommunestyre godkjenner at § 3, 4 og 21 i vedtektene for Karmsund Havn IKS endres til følgende:

### **§ 3 Formål.**

Selskapets formål er å planlegge, utbygge og drive havneutvikling, samt å trygge ferdselen, på vegne av de kommuner som er deltakere, jfr. § 4, og ivareta disse kommuners oppgaver, rettigheter og forpliktelser i samsvar med den til enhver tid gjeldende havne- og farvannslovgivning.

### **§ 4 Deltakere - deltakeransvar.**

De enkelte deltakere har eierandel i selskapets nettoformue som følger:

Karmøy kommune	38,46 %
Haugesund kommune	38,46 %
Bømlo kommune	7,69 %
Tysvær kommune	7,69 %
Sveio kommune	3,85 %
Bokn kommune	3,85 %

Den enkelte deltaker har ubegrenset ansvar for en så stor del av selskapets forpliktelser som den enkelte deltaker har eierandel i selskapet i h.t. bestemmelsen ovenfor.

En selskapskreditor må først gjøre sitt krav gjeldende mot selskapet. Dersom kreditor ikke oppnår dekning av selskapet innen 30 dager regnet fra påkrav, kan kreditor kreve den enkelte deltakerkommune direkte for deltagerens andel av forpliktelsen.

En deltaker som helt eller delvis har dekket en fordring på selskapet, kan straks søke tilbake sitt utlegg av selskapet.



## **§ 21 Voldgift**

Enhver tvist som måtte oppstå i tilknytning til selskapsforholdet, skal avgjøres ved voldgift i Haugaland Tingrett etter Lov om voldgift av 14.05.2004 nr. 127.

Hver av partene oppnevner en voldgiftsmann, og disse velger en formann som skal være jurist. Hvis en part ikke oppnevner voldgiftsmann, eller det ikke oppnås enighet om valg av formann, foretas slik oppnevning/valg av Haugaland Tingrett.

Ved fastsettelse av utløsningssum etter §§ 18 og 19, skal voldgiftsnemndas formann enten være statsautorisert revisor eller registrert revisor.

Voldgiftsnemnda bestemmer, etter en helhetsvurdering, hvem som skal betale utgiftene ved fastsettelse av utløsningssum, herunder de samlede utgifter/salær til nemnda. Også ellers avgjør nemnda med endelig virkning hvem som skal betale saksomkostningene.

2. Bogn kommunestyre godkjenner Karmsund Havn IKS vedtekter i sin helhet, slik de fremgår av vedlegg 3 til denne sak (merket som «vedlegg 2»).

## **23.02.2016 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA**

### **SB-008/16 VEDTAK:**

Seniorrådet støtter Rådmannen sitt framlegg til vedtak.

## SAKSFRAMSTILLING

I henhold til lov om interkommunale selskaper av 29. januar 1996 nr. 6 § 4 fremgår det at deltaker som er interkommunalt selskap skal vedta selskapsavtalen i representantskapet.

I § 22 i Karmsund Havns selskapsavtale, fremgår det imidlertid at bestemmelsene i avtalens §§ 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 10 bare kan endres med tilslutning fra kommunestyret i samtlige deltakerkommuner.

Sak om endring av "Navn og organisasjonsform" i § 1, samt endring av selskapets samlede låneopptak under "Havnerådets myndighet" i § 7 har allerede vært til politisk behandling i eierkommunene i forrige periode.

Selskapet ser behov for at eierkommunene godkjenner selskapsvedtektene i sin helhet samtidig som det gjøres en kvalitetssikring med tilpasning i § 3 i forhold til forventningene i ny havne- og farvannslov og noen mindre justeringer i §§ 4 og 21.

Rådmannen anbefaler at kommunestyret fatter vedtak som foreslått av Havnerådet.

Oversikt over vedlegg:

1. Brev fra Karmsund Havnevesen IKS av 02.12.2015
2. Gjeldende selskapsvedtekter
3. Forslag til endrede selskapsvedtekter (markert med blå penn «Vedlegg 2»)
4. Protokoll fra møte i Havnerådet 01.10.2015
5. Protokoll fra møte i Havnerådet 19.11.2015

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	23.02.2016	009/16	JEN

<b>Saksansv.:</b> Jan Erik Nygaard	<b>Arkiv:</b> K2-M71	<b>Arkivsaknr</b>
	<b>Objekt:</b>	13/188

### Interkommunal brannvernsamarbeid.

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	21.03.2013	Brannvern og Beredskapsråd giver 1	Interkommunalt brannvernsamarbeid - utpeking av representant til prosjektgruppe og arbeidsgrupper
4	U	26.06.2014	Ove Røys; Jo Inge Hagland; Kristin Helle; Svein Inge Mæland; Tor Petter Alfredsen	Konstituering av Prosjektgruppe for brannvernsamarbeid

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Brann og eksplosjonslova  
Dimensjoneringsforskrifta

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Bogn kommunestyre viser til saksutgreinga og stiller seg positiv til at det blir oppretta eit interkommunalt selskap for brann- og redningstenestene organisert etter ein IKS- modell i vår region. Kommunestyret konstaterer at etablering av

eit slikt selskap vil kunne gje gode effektar på sentrale område som rasjonell ressursbruk, beredskapsnivå, rekruttering og kompetanseoppbygging med meir. Kommunestyret legg også til grunn at eit interkommunalt brannsamarbeid skal gi økonomiske gevinstar for medlemskommunane på sikt.

2. Kommunestyret vedtek på denne bakgrunn at Bokn kommune deltek som fullverdig medlem i eit slikt felles brannvesen saman med kommunane Karmøy, Haugesund, Vindafjord, Etne, Karmøy, Sveio, Tysvær, Suldal og Utsira.
3. Prosjektgruppa sine tilrådingar til styringsgruppa, samt utkast til selskapsavtale slik den ligg føre som vedlegg til saksutgreiinga, gir viktige rammer for det vidare arbeidet, og kommunestyret legg til grunn at ein tek utgangspunkt i desse som eit innleiande grunnlag for etablering av selskapet. Endeleg utforming og godkjenning av selskapsavtale skjer på eit seinare tidspunkt i eiga sak.
4. For å få formalisert stiftinga av selskapet ber kommunestyret om at ordføraren, saman med ordførarane i dei andre kommunane, tek på seg oppgåva som representantskap. Representantskapet vel styre for selskapet.
5. Styret har i oppgåve å rekruttera administrativ leiar/ brannsjef som etablerer ei leiargruppe i selskapet. Denne gruppa skal legge grunnlag for at administrative rutinar, organisering, økonomistyringssystem, personalpolitikk med meir er etablert når selskapet sin operative funksjon blir sett i verk.
6. Kommunestyret ynskjer at arbeidet med etableringa av selskapet blir prioritert, og ber om å bli halde orientert om framdrifta i arbeidet. Kommunestyret legg til grunn at selskapet skal vere operativt seinast 01.10.2017.
7. Til selskapet sine oppstartskostnader løyver Bokn kommune kr 39.000,-. Dette utgjer kommunen sin eigardel av selskapskapitalen, som på etableringstidspunktet blir fastsett til samla 5,0 millionar kroner. Inndekning ved 1. tertialrapport gjennom omdisponering innanfor ramma.
8. Kommunestyret er kjent med at saka er til politisk behandling i alle kommunane. Dette vedtaket er på vilkår av at alle dei nemnde kommunane i punkt 2 inngår i IKS-selskapet. Dersom nokre av kommunane skulle velja å ikkje delta i samarbeidet, ber kommunestyret om få ei ny sak til behandling basert på dei nye føresetnadene.

## **23.02.2016 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA**

### **SB-009/16 VEDTAK:**

Seniorrådet stettar Rådmannen sitt framlegg til vedtak. Seniorrådet ber om tilbakemelding på om brannberedskap knytt til Rogfast vil bli ivareteke av eit interkommunalt samarbeid. Førebyggjande beredskap i høve til barn og eldre må ivaretas i eit interkommunalt brannsamarbeid.

## **Kva saka gjeld:**

Saka gjeld etablering av eit felles brannvesen for kommunane på Haugalandet og Indre Ryfylke minus Sauda.

## **Bakgrunn for saka:**

Saka om felles interkommunalt brannvesen er i stor grad ei fellessak for dei 9 kommunane. Sakspapiret er bortimot likt, og er utarbeidd av Karmøy kommune.

Kommunane sine brann- og redningsvesen utfører ei omfattande teneste som er strengt regulert i lover og forskrifter. Brann- og eksplosjonsvernlova med forskrifter og rettleiingar står her sentralt, men også mange andre regelverk gir strenge føringar for utøvinga av brann- og redningstenesta sine beredskapsmessige oppgåver. Oppgåver av beredskapsmessige- og livreddande karakter vil alltid vere ei kjerneoppgåve for denne tenesta. Sterkt fokus og formelle krav til førebyggjande aktivitetar, kontroll og opplysningsverksemd har imidlertid blitt mykje meir omfattande og ressurskrevjande i dei seinare åra. Kommunane sitt svar på desse aukande utfordringane har i mange delar av landet blitt å etablere interkommunale brann- og redningsvesen. Vanlegvis er desse formelt organisert via ein såkalt IKS-modell.

På tilsvarande måte krev lovpålagte brannførebyggjande oppgåver inngåande kunnskapar om bygningsmessige forskrifter og krav, tilsynsmetodar, kommunikasjon og formelle saksbehandlingsreglar for å nemne nokre sentrale emne.

Kommunane si oppfølging av alle desse krava blir regelmessig følgde opp ved tilsyn frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB).

Mange kommunar har etter kvart fått store utfordringar med å tilfredsstillе dei omfattande krava som vert stilte til leiging, rekruttering, kompetanse, sløkkjeutstyr, bilpark, sertifikatkrav, helse- og miljø med meir. For å imøtekome denne utviklinga har ein i mange regionar funne det nødvendig og rasjonelt å organisere brann- og redningstenestene i interkommunale selskap. Mange av desse selskapa har vore i funksjon over mange år, og det pågår prosessar med sikte på nye slike etableringar i andre kommunar.

Tanken om å etablere ei interkommunal løysing for å ivareta kommunane sitt ansvar og plikter innanfor brann- og redningsvesenet i vår region er heller ikkje ny. Det har vore gjort fleire innleiande forsøk på dette tidlegare i løpet av dei siste 10 - 12 åra, med ulike kommunar som aktørar, utan at ein har funne tida moden. Dette er komplekse prosessar som ofte krev lengre modningstid enn det ein relativ kort utgreiingsfase gir rom for. Fleire oppretta selskap rundt om i landet har blitt etablert som følgje av en avgjerdsprosess som har gått over fleire fasar -og då gjerne med nokre års mellomrom. Sett i eit slikt perspektiv er erfaringane frå vår region representative for dei utfordringane ein har stått overfor ved slike etableringar i mange andre kommunar.

Det mest omfattande forsøket på få etablert eit interkommunalt selskap for dei kommunane som vert omhandla i denne saksutgreiinga starta i 2013/2014. Då blei det tatt eit politisk initiativ på ordførar/varaordførarnivå frå kommunane Vindafjord, Haugesund og Karmøy. Dette resulterte i oppretting av ei styringsgruppe som fekk gjennomført ein prosess og ei utgreiing som førte fram til kommunestyrebehandling i kommunane. Vedtaket som ble fatta i de ulike kommunane var tilnærma likelydande.

Emnet blei seinast formalisert i form av eit tilnærma likelydande vedtak i kommunestyra/bystyret våren 2014 i kommunane Vindafjord, Etne, Haugesund, Karmøy, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Bokn.

Vedtaket i Bokn kommunestyre:

KS-17/14 VEDTAK SAMRØYSTES:

Bokn kommunestyre viser til saksutredningen med vedlagt innstilling fra Styringsgruppen for utredning av felles brannvesen for Nord- Rogaland og Sunnhordland datert 21.02.2014.

Med dette som bakgrunn vedtar kommunestyret følgende:

Bokn kommune er i utgangspunktet positiv til etableringen av et felles brann- og redningsvesen i vår region. Kommunestyret legger til grunn at de gjennomførte prosesser og utredninger med styringsgruppens innstilling gir et godt grunnlag for å føre prosessen videre.

Kommunen ønsker på dette grunnlag å delta i det videre arbeidet med utredning av en felles ROS- analyse. Kommunen vil bidra med sin andel av finansieringen til dette utredningsarbeidet.

Bokn kommune ønsker å basere en deltakelse i et interkommunalt brann- og redningsvesen på et bredest mulig kunnskapsgrunnlag. Kommunestyret tar forbehold om at vedtak om endelig deltakelse i et felles brann- og redningsvesen også vil legge resultatet av ROS- analysen til grunn, i tillegg til det gjennomførte utredningsarbeidet og styringsgruppens innstilling.

Kommunestyret ber om at det framlegges egen sak for endelig vedtak om kommunens eventuelle deltakelse i et interkommunalt brann- og redningsvesen når ROS- analysen foreligger. I denne saken skal både beredskapsmessige, økonomiske og organisatoriske spørsmål belyses.

Kommunestyret slutter seg til at rådmannskollegiet på Haugalandet organiserer og gjennomfører det videre arbeidet fram til vedtak i nytt saksframlegg som er omtalt i punkt 4, herunder at rådmannskollegiet oppretter en administrativ styringsgruppe og tar ansvaret for gjennomføring av ROS- analysen.

I vedtaket blei rådmannskollegiet på Haugalandet gitt i oppdrag å gjennomføre ei utgreiing vedkomande beredskapsmessige, økonomiske og organisatoriske spørsmål knytta til eventuell oppretting av eit interkommunalt brann- og redningsvesen. Eit sentralt punkt i dette oppdraget

omfatta utarbeiding av ein såkalla risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS). Når dette arbeidet var slutført, var det ein klar føresetnad i vedtaket at dei ulike kommunestyra skulle få presentert ei ny saksutgreiing. Denne skulle vere avgjerdsgrunnlag for endeleg vedtak om eventuell deltaking i eit interkommunalt selskap innanfor ansvarsområdet til brann- og redningstenestene. Føreliggjande sak er ei oppfølging av denne politiske avgjerda. Samarbeid over kommunegrensene om deloppgåver innanfor brann- og redningstenesta rundt i landet har lang og god tradisjon, der funksjonar som restverdiredning, dykkarberedskap, felles varslingsentral, generell bistandsplikt ved aksjonar, opplæring med meir er vanlege fellesløysingar. Denne praksisen underbyggjer på naturleg måte opp til ei vurdering av meir altomfattande samarbeidsløysingar.

### **Organisering av prosjektarbeidet:**

Den prosessen og dei dokumenta som danna basis for vedtaket, som er omtalt ovanfor, har vore eit godt grunnlag for den prosessen som føreliggjande saksutgreiing omhandlar - slik det for øvrig også framgår av punkt 1 i vedtaket.

Med bakgrunn i punkt 5 i kommunestyret sitt vedtak blei prosjektarbeidet organisert ved at rådmannskollegiet påtok seg rolla som styringsgruppe. Dei oppretta deretter ei prosjektgruppe med tre underliggjande arbeidsgrupper som fekk ansvar for å utgreie hovudemna:

Beredskap inkl. ROS- analyse


Økonomi

Personalmessige spørsmål

Teknologisk Institutt blei leigd inn for å ivareta sekretariatsfunksjonen. ROS-analysen blei utført med innleigd konsulenthjelp av Norconsult as.

Tillitsvalde og verneombodsrepresentantar har deltatt aktivt i heile prosessen.

### **Prosjektarbeidets organisering:**







# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	23.02.2016	010/16	JEN

Saksansv.: Jan Erik Nygaard	Arkiv: K1-037 Objekt:	Arkivsaknr 14/41
-----------------------------	--------------------------	---------------------

### Etablering av Tomteselskap i Bokn

#### Dokumentliste:

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kommunestyret gir rådmannen fullmakt til formelt å etablere Bokn Tomteselskap AS. Tomteselskapet skal ha aksjonærer fra det offentlige i tillegg til private aktører/næringsliv som har interesse innan bustadbygging og næringsutvikling.
2. Bokn kommune går inn i det nye selskapet med ein aksjekapital på kr. 1 000 000,- som minimum skal utgjere 33 % og maksimalt 49 % av den samla aksjekapitalen i selskapet. Kommunen sine utgiftene vert dekkja gjennom bruk av disposisjonsfond.
3. Kommunen sin representant i styret vert .....
4. Vedtekter og stiftingsdokument for det nye selskapet skal godkjennast av formannskapet før selskapet er formelt etablert.

-----  
Jan Erik Nygaard  
Rådmann

## **23.02.2016 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA**

### **SB-010/16 VEDTAK:**

Seniorrådet rår til at saka vert utsatt då det er for dårleg grunnlag og manglande vedtekter til å vedta etablering av tomteselskap. Seniorrådet stiller seg tvilande til behovet av et tomteselskap.

### **Kva saka gjeld:**

Det er eit ønskje å leggja til rette for meir bustadbygging i kommunen gjennom å samla alt arbeid om utvikling og sal av bustadtomter i eit tomteselskap.

### **Bakgrunn for saka:**

Bokn formannskap gjorde i sak 004/14 fylgjande vedtak om etablering av eit eigedomsselskap:

- 1. Bokn formannskap stiller seg positiv til at det vert lagt til rette for eit formalisert samarbeid med private aktørar – for eksempel til etablering av felles eigedomsselskap - for å løyse kommunen sitt framtidige behov for byggeklare bustad- og næringsstomter.*
- 2. På prinsipielt grunnlag vil ein be om at det blir fremma ei sak for kommunestyret med forslag til etablering av eigedomsselskap eller anna for eit formalisert samarbeid.*
- 3. Formannskapet sett ned eit utval bestående av ordførar, varaordførar og gruppeleiar for SP, seksjonssjef teknisk og rådmannen for utarbeiding av eit slikt forslag. Haugaland Vekst IKS bes om å ivareta sekretærfunksjonen for utvalet.*

Arbeidet med etablering av eigedomsselskapet blei ikkje starta opp, og det blir no gjort eit nytt forsøk på etablera eit tomteselskap der kommunen går inn som medeigar.

Tilrettelegging av områder for auka bustadbygging og næringsutvikling er i samsvar med kommunen sin vedtatte kommuneplan.

I budsjettet for 2014 blei det sett av 10 mill. kroner til kjøp av grunn. Det var ei føresetnad at desse midlane skulle lånefinansierast og vil difor ikkje kunna nyttast til etablering av sjølve eigedomsselskapet.

### **Saksutgreiing:**

Bokn kommune har store attraktive områder både for etablering av nye bustadfelt og sjøretta næringsområder.

Kommunen har gjennom den vedtatte kommuneplanen fått eit godt instrument for å utvikla og regulera større områder for næringsutvikling og bustadbygging.

Men kjøp av areal, utarbeiding av reguleringsplanar for bustad- og næringsområder og deretter opparbeiding og sal av tomter er både kostnads- og ressurskrevjande for ein kommune.

Bokn kommune sin økonomi- og ressursituasjon gjer at ein i liten grad åleine kan gå inn med den kapital og personalressurs som er nødvendig for å utvikle og leggja ut for sal større bustad og næringsområder.

Som for mange andre kommunar vil det difor vere naturleg og nødvendig at Bokn vurderer eit samarbeid med private aktørar dersom ein skal kunne dekkja ei forventa etterspurnad etter regulerte og byggeklare bustad- og næringstomter.

Som eksempel på eit samarbeid mellom kommune og private aktørar om utvikling og sal av bustadtomter kan ein vise til Vindafjord Tomteselskap AS der ein har etablert eit tomteselskap som eit aksjeselskap, der Vindafjord kommune har 34 % av aksjane og private 66 %, jfr. tidlegare orienteringa i formannskapet frå styreleiar i Vindafjord Tomteselskap AS.

Føremålet med eit slikt selskap kan vera:

*Føremålet med tomteselskapet er å leggja ti/ rette for utvikling av areal for bustadbygging i alle deler av kommunen gjennom kjøp og utvikling i eigenregi eller ved samarbeid med grunneigarar og utbyggerar. Dette ska/ skje med basis i kommuneplan, reguleringsplan og andre overordna styringsverktøy og retningslinjer fastsett av kommunestyret.*

Det kan og vurderast om selskapet og skal omfatte næringstomter og tomter til offentlege føremål.

Utvikling av tomteareal må skje etter forretningsmessige prinsipp, men selskapet skal vera eit "none profitt" føretak. Alle kostnader ved administrasjon og drift skal dekkast av selskapet sjølv.

Som eit utgangspunkt for eventuell etablering av eit tomteselskap i Bokn legg ein til grunn at aksjekapitalen minst bør vere mellom 2 og 3 mill. Bokn kommune sin eigarandel bør minimum vere 33 % og ikkje meir enn 49 %. Dette på den eine sida for å kunne ha negativ kontroll på selskapet; det vil mellom anna seie at vedtekter ikkje kan endrast utan godkjenning frå kommunen, og på den andre sida at eit slikt selskap heller ikkje blir vurdert som eit offentleg selskap, noko som ville ha vore tilfelle om kommunen eig over 50 % av aksjane.

Det legges difor til grunn at private aktørar må ha mellom 51 % og 65% av aksjane i selskapet.

#### Administrering og drift av selskapet:

Som ein liten kommune vil omsetningsvolum på bustadtomtar også vere lite. Det vil difor ikkje verar mogeleg a bygga opp eigen administrasjon i selskapet på bakgrunn av tomtesal/utvikling aleine. Selskapet kan driftast av kommunen ved at ein fakturerer for medgått tid. Tomter kan eventuelt seljast gjennom servicekontoret eller selskapet kan eventuelt driftast av andre i kombinasjon med annan verksemd eventuelt anna tomteselskap. Dette må ein kome nærare tilbake til.

#### **Vurdering:**

Etter rådmannen sin vurdering kan det vere fornuftig å vurderer å etablere eit tomteselskap i lag med byggnæringa og eventuelt anna næring og verksemd som har eit ønske om å

vere med å utvikla Bokn. Eit naturleg namn på eit slikt selskap vil vere Bokn Tomteselskap AS.

Det er mange spørsmål kring ei slik etablering som treng ei vidare drøfting og som det er naturleg å ta opp i samband med etablering av selskapet og utarbeiding av vedtektene for selskapet. Til utarbeiding av forslag til vedtekter vil ein gjere bruk av advokat med erfaring frå tilsvarende etableringar. Det er difor ikkje alle forhold kring etableringa er tatt opp her, og det er nødvendig med ytterlegare avklaring fram mot eventuell etablering av selskapet. Etter rådmannen sin vurdering har ein imidlertid nok informasjon til å vurdere om ein skal oppretta eit tomteselskap eller ikkje.

Det er i budsjettet for 2016 ikkje sett av midlar til etablering av tomteselskapet. Kommunen sin del av aksjekapitalen må difor budsjetterast gjennom bruk av fond. Vedtekter og overføring av aksjekapital vert fremja i eigen sak dersom formannskapet vel å gå vidare med saka.

Med vedtak om bygging av Rogfast med ferdigstilling i 2022/23 er det grunn til å tru at noko av presset på tomteareal vil forskyva seg frå Stavanger-regionen mot Haugalandet og i fyrste rekke mot Tysvær og Bokn.

Kommunen sin muligheit til sjølv å kjøpa, regulera og utvikla områder i eit slikt omfang som er ynskjeleg for å få til ei rasjonell og økonomisk god planlegging, utbygging og sal av bustadtomter er begrensa. Men kommunen kan i samarbeid med private aktørar likevel spilla ein sentral og nødvendig rolle for å leggja til rette for å få til den utviklinga ein ynskjer.

Tomteselskapet er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit verktøy for å fremja tomtosal og busetnad i kommunen. Selskapet vil eksistera så lenge eigarane ser nytten av det. Det vil vera uproblematisk å oppløysa selskapet dersom ein i framtida finn betre måtar å organisera dette arbeidet på. Rådmannen har tru på at etablering av eit tomtesal er eit rett strategisk val slik utfordringane er i dag.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	23.02.2016	011/16	JEN

<b>Saksansv.:</b> Jan Erik Nygaard	<b>Arkiv:</b> K1-144, K2-U01	<b>Arkivsaknr</b> 16/110
	<b>Objekt:</b>	

### Næringsplan for Bokn kommune - regulering

#### Dokumentliste:

**Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Bokn formannskap vedtar å sette i gang rullering av kommunens næringsplan med handlingsprogram for 2015 - 2018. Rådmannen skal sammen med arbeidsgruppen avklare videre prosjektplan for arbeidet med prosjektet Stedsutvikling Føresvik i 2016.

2. Formannskapet oppnevner følgende folkevalgte til arbeidsgruppen:

- 1.....
- 2.....
- 3.....
- 4.....

Rådmannen gis fullmakt til å oppnevne 2 fra næringslivet og 2 fra frivillige lag og organisasjoner.

Boknatun, 15. februar 2016

Jan Erik Nygaard  
Rådmann

Vidar Vorrå

## **23.02.2016 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA**

### **SB-011/16 VEDTAK:**

Seniorrådet stettar Rådmannen si innstilling i saka. Seniorrådet rår til brei politisk samansetnad.



## **Kva saka gjeld:**

### 1. Vedlegg

- Plan for arbeidet med rullering av næringsplan
- Utkast til revidert plan for vidare arbeid med prosjektet Stedsutvikling Føresvik

### 2. Bakgrunn

Haugaland Vekst IKS skal ihht. avtale arbeide med rullering av næringsplan for Bokn kommune, og prosjektet Stedsutvikling Føresvik. Det legges opp til en felles arbeidsgruppe for å arbeide effektivt og helhetlig med de to tiltakene.

#### 2.1. Om næringsplan

Kommunen har i dag en gjeldende næringsplan for perioden 2011-2014. Næringsplan med handlingsprogram er et viktig styringsredskap både for den enkelte kommunes politikere og administrasjon og for arbeidet som legges ned for kommunen i Haugaland Vekst.

Eierkommunene i Haugaland Vekst, Haugesund, Tysvær, Utsira, Bokn og i tillegg Vindafjord, fikk utarbeidet og vedtatt lokale næringsplaner sommeren 2011 med en felles regional plan. Sveio kommune fikk utarbeidet og vedtatt kommunal næringsplan desember 2013. Det skal gjennomføres en rullering av kommunal næringsplan for eierkommunene Haugesund, Tysvær, Utsira og Bokn. Parallelt med rullering av kommunale næringsplaner, skal vi utarbeide regional næringsplan for Haugesundregionen.

#### 2.2. Om prosjektet Stedsutvikling Føresvik

Forankring i Kommuneplanen og kommunalt vedtak:

I utdrag frå planen står det: «..ynskjeleg å utvikla og styrka Føresvik vidare som eit attraktivt og mangfaldig senter for innbyggjarane i kommunen, og at utviklinga har fokus på kvalitet, estetikk og universell utforming».

Vedtak i kommunestyret den 17.6.2014:

Som delfinansiering av prosjektet Mulighetsstudie stedsutvikling Føresvik vedtar Bokn formannskap å løyve kr 300.000,- i restfinansiering. Dette i tillegg til tilsagn om RUP støtte på kr 350.000 og eigeninnsats på kr 100.000,-.

I saksframlegget står det vidare er det eit delmål at «Føresvik og Alvestadkroken skal vidareutviklast som ein god stad å bu og opphaldsområde med rom for utvikling av næring og offentleg service».

Resultatmål: «Bokn kommune har vedtatt eit styringsdokument for i kva retning ein ønskjer at Føresvik skal gå og være for innbyggjarar, næringsliv og tilreisande. Denne skal være grunnlag for den vidare utviklinga i heile sentrum»

### 3. Rådmannens kommentar og konklusjon

Rådmannen foreslår at det etableres en felles arbeidsgruppe for arbeidet med næringsplan og prosjektet stedsutvikling. Dette vil gi alle involverte et mer helhetlig perspektiv på tiltakene, og gi rom for effektiv samordning mot kommunens arbeid innen bl.a. næringsutvikling og folkehelse.

Rådmannen ser en oppdatert næringsplan som et viktig redskap i det videre næringsutviklings- arbeidet i Bokn kommune. Rådmannen ser derfor positivt på at Haugaland Vekst starter opp arbeidet og ser fordelen med å samkjøre prosessene på kommunalt og regionalt nivå. En oppdatert næringsplan vil posisjonere kommunen i forhold til fylkets satsinger og være et viktig styringsredskap i det videre næringsarbeidet kommunalt og regionalt, både for politikerne og administrasjonen.

I prosjektet Stedsutvikling Føresvik er en del aktiviteter gjennomført og noe under videre arbeid. I utkast til revidert er saker for videre arbeid og noen nye aktiviteter lagt inn.

I arbeidsgruppen vil en gjennomgå begge tiltakene for å få vedtak om videre arbeid. For næringsplan vil det være viktig å ha særlig fokus på aktiviteter i handlingsprogram for 2016. Det er et mål at revidert næringsplan med handlingsprogram vedtas innen utgangen av 2016. For Stedsutvikling Føresvik vil utkast til prosjektplan gjennomgås med sikte på vedtak om revidert plan.

Arbeidsgruppen bør bestå av:

4 folkevalgte

4 fra næringsliv og frivillige lag og organisasjoner

Haugaland Vekst er sekretariat.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	23.02.2016	012/16	JEN

<b>Saksansv.:</b> Jan Erik Nygaard	<b>Arkiv:</b> K1-143	<b>Arkivsaknr</b> 15/365
	<b>Objekt:</b>	

### Stedsutvikling Føresvik

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	25.06.2015	Prosjektleder Vidar Vorraa	Referat - prosjektgruppe - Stedsutvikling Føresvik - 23.06.2015

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Prosjektplanen for Stedsutvikling Føresvik, revider 05.11.2015, blir vedtatt (gjennomført som beskrevet i planen».

Boknatun, 15. februar 2016

Jan Erik Nygaard  
rådmann

Vidar Vorraå  
Prosjektleder

**23.02.2016 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA**

**SB-012/16 VEDTAK:**

Seniorrådet støttar Rådmannen si innstilling i saka.

# **STEDSUTVIKLING FØRESVIK**

## **PROSJEKTPLAN,**

### **REVISJON 05.11.2015**

#### **1. Forankring i Kommuneplanen og kommunalt vedtak**

I utdrag frå planen står det: «..ynskjeleg å utvikla og styrka Føresvik vidare som eit attraktivt og mangfaldig senter for innbyggjarane i kommunen, og at utviklinga har fokus på kvalitet, estetikk og universell utforming»

Vedtak i kommunestyret den 17.6.2014:

Som delfinansiering av prosjektet Mulighetsstudie stedsutvikling Føresvik vedtar Bokn formannskap å løyve kr 300.000,- i restfinansiering. Dette i tillegg til tilsagn om RUP støtte på kr 350.000 og eigeninnsats på kr 100.000,-.

I saksframlegget står det vidare er det eit delmål at «Føresvik og Alvestadkroken skal vidareutviklast som ein god stad å bu og opphaldsområde med rom for utvikling av næring og offentleg service».

#### **2. Resultatmål:**

«Bokn kommune har vedtatt eit styringsdokument for i kva retning ein ønskjer at Føresvik skal gå og være for innbyggjarar, næringsliv og tilreisande. Denne skal være grunnlag for den vidare utviklinga i heile sentrum»

#### **3. Prosjektorganisering**

3.1. Styringsgruppe:  
Formannskapet

3.2. Prosjektgruppe

Rådmann legger til grunn felles gruppe for stedsutvikling og revisjon av næringsplan. Det begrunnes i behov for å se de to tiltakene i sammenheng, og for at folkevalgte skal kunne ha et helhetlig perspektiv på utvikling. De to tiltakene må også samordnes nøye med bl.a. arbeidsområdene for Samfunns- og utviklingssjef; folkehelse og næringsutvikling. Rådmann foreslår at det oppnevnes 4 folkevalgte, 2 fra næringsliv og 2 fra frivillige lag/organisasjoner

3.3. Prosjektleder Haugaland Vekst ved Vidar Vorraa

#### **4. Aktiviteter i prosjektet**

4.1. Definere området Føresvik sentrum.

Lage oversikt over planar/reguleringsplanar som er under arbeid i sentrumsområdet.

4.2. Styrke attraktivitet for Føresvik/Alvestadkroken som bosted.

Gjennomføre bostedsanalyse (del 3 ift. tidligere gjennomført analyse av omdømme- og besøksattraktivitet.)

4.3. Vurdere tiltak som kan knytte Føresvik og Alvestadkroken mer sammen, med formål å styrke samlet attraktivitet, bl.a. boligkonsept innrettet spesielt mot yngre målgrupper.

4.4. Iverksette informasjonsopplegg mot utflyttede boknere i aldersgruppe 18-30 år med sikte på tilflytting.

4.5. Erfaringsoverføring fra andre steder og prosjekt i forhold til utviklinga av

Føresvik/Alvestadkroken.

Gjennomføre studietur til Jørpeland knyttet til prosjekt «Strand 2050» for stedsutvikling.

Samarbeid med Distriktssenteret om møte til høsten med relevante prosjekt andre steder.

Representanter fra andre kommuner i regionen med mulige stedsutviklingsbehov inviteres.

4.6. Lage oversikt over befolkninga sin bruk av sentrumsområdet, butikk og aktiviteter

4.7. Utrede mulig bruk av stein fra Rogfast til utvikling av sentrumsområdet.

4.8. Utrede ny plassering for Bokn Plast

4.9. Sammenfatte erfaringer fra aktivitetene i et strategidokument. Dette brukes som innspill til arbeid med andre kommunale planer.

## 5. Tidsplan

Vilkår for prosjektet er definert ved kommunestyrets vedtak	17.06.14
Første møte i prosjektgruppe, status, gjennomgang av plan	02.06.15
Andre møte prosjektgruppe, gjennomgang av rev. plan	23.06.15
Avklare plan og aktiviteter for 2016	Jan – Febr 2016

## 6. Finansiering

Rogaland fylkeskommune, RUP-tilsagn 0905/14 pr. 12.03.2014	kr. 350.000
Bokn kommune, vedtak pr. 17.06.2014	kr. 300.000
Egeninnsats, partnere	kr. 100.000

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	23.02.2016	013/16	BJL

Saksansv.: Bjørn Løvland	Arkiv: GBR-9/52 Objekt:	Arkivsaknr 14/122
--------------------------	----------------------------	----------------------

### Gnr. 9 bnr. 15 mfl. - Bokn kommune - ny fleirbrukshall - etablering av permanent scene - utviding av kostnadsramme

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	25.02.2014	Arne Tveit	Bokn fleirbrukshall - 1. skisser for planløsning
2	I	10.04.2014	Eileen P Selland	SV: Planforslag. Reguleringsplan for Føresvik sør - Bokn kommune
4	I	16.05.2014	Kyrre Lindanger	VS: Flerbrukshall og Bokn OppNed
5	I	16.05.2014	Trond Vatnaland Bokn idrettslag	VS: Flerbrukshall , innspel frå idrettslag
6	I	19.05.2014	Trond Vatnaland Bokn idrettslag	Innspel frå Bokn idrettslag
7	I	25.06.2014	Helge Seglem	Bokn flerbrukshall
8	I	09.10.2014	Bokn Pistolklubb	Romprogram i flerbrukshallen.
9	I	24.10.2014	Bokn Røde Kors	Innspill. Romprogram i flerbrukshall.
10	U	07.11.2014	Bokn Kommune teknisk etat	Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan for fleirbrukshall
18	I	11.12.2014	Arkitektkontoret Brekke Helgeland Brekke	Oppdaterte teikningar.
23	U	13.03.2015		Gnr. 11 bnr. 185 - Bokn kommune - søknad frå Alliance Invest Bokn AS om kjøp av tomt til djupvasskai
25	I	16.03.2015	Statens Vegvesen	Svar- Bokn kommune - Fv. 890 - Forslag midlertidig veg.
26	I	17.03.2015	Arne Tveit	Bokn fleirbrukshall reviderte teikningar som grunnlag for informasjon til kommunestyret 17.03.2015

27	I	08.04.2015	bjorn.lovland@bokn.kommu ne.no,	Protokoll for innleige av maskin med førar
30	I	28.04.2015	Rune Vatnaland	Søknadsplikt - midlertidige veier
34	U	12.05.2015	ruvatn@online.no,	Svar på spørsmål om søknadsplikt - midlertidige veier
35	I	20.05.2015	Linda Gundersen	VS: Arbeidsvarslingsplan
36	I	21.05.2015	Statens Vegvesen	Svar på søknad om graveløyve - Legging av røyr -Fv.892
49	I	03.07.2015	Helge Seglem	Bokn Flerbrukshall - innstilling
50	I	03.08.2015	Helge Seglem	SV: VS: Bokn flerbrukshall - tilbakemelding krav om innsyn
43	I	11.08.2015	Vågen Arnold	SV: Flerbrukshall Bokn- tilbud på strømtilførsel
44	I	11.08.2015	Vågen Arnold	SV: Flerbrukshall Bokn - tilbud på belysning
45	U	11.08.2015	Vågen Arnold	SV: Flerbrukshall Bokn -aksept av tilbud straumtilførsle
46	U	11.08.2015	Vågen Arnold	SV: Flerbrukshall Bokn - aksept tilbud gatelys
47	I	11.08.2015	Vågen Arnold	SV: Flerbrukshall Bokn - grunneigavtale og grunneigarerklæring
48	I	11.08.2015	Helge Seglem	Bokn Flerbrukshall - avklaringer
51	U	24.08.2015	Haugaland Kraft AS v/ Arnold Vågen	Bokn Fleirbrukshall - ny nettstasjon-grunneigaravtale og grunneigarerklæring
54	I	17.09.2015	Haugaland Kraft AS v/ Arnold Vågen	Underskrevet erklæring nettstasjon i retur samt utbetalingsbrev vedr. erstatning vedr. trafokiosk og kabelgrøft.
57	I	03.10.2015	Thorleif Waage Gismervik (for eigerane av 9/3)	Ad. gravearbeider på eigedommen 9/3
59	U	13.10.2015	Torleif Waage Gismervik	Ang. gravearbeid på gnr. 9 bnr. 3
61	U	02.11.2015	Bokn Kommune teknisk etat	Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan for fleirbrukshall - ny vurdering grunna utviding av hallen
64	I	25.11.2015	Jostein Kvernes Salvesen	Tilsagnsbrev
65	U	25.11.2015	Rogaland fylke kulturavdelinga	Bokn fleirbrukshall - oppmoding om utbetaling av tildelt tilskot for 2015
66	U	02.12.2015	Bjørn Løvland	Avtale vedr. funksjonen som HMS-koordinator
67	I	07.12.2015	Haaland Bjørn Olav	Erklæring
72	U	23.12.2015	Bokn Kommune teknisk etat	Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan for fleirbrukshall - ny vurdering grunna planar om etablering av klatrevegg
78	I	01.02.2016	Jardar Havikbotn	Sceneutgreiing



## **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Kommunelova

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Kommunestyret går inn for at permant scene med utstyr vert etablert i samsvar med tilrådinga frå den nedsette scenegruppa.
2. Kostnadsramma for hallen vert som ein konsekvens av dette utvida med kr. 1,7 mill. til kr. 40,5 mill.
3. Finansiering utover det vedtekne budsjettet på kr. 39 mill. må løysast ved at låneramma vert utvida med kr. 1,5 mill.

## **23.02.2016 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA**

### **SB-013/16 VEDTAK:**

Seniorrådet stettar Rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Seniorrådet påpeikar at det må tas omsyn til universell utforming, så som teleslynge etc. Det bes om ei orientering frå Prosjektlear om omsynet til universell utforming og brannberedskap av hele Fleirbrukshallen på neste møte.

### **Kva saka gjeld:**

Utviding av kostnadsramma for fleirbrukshallen for etablering av fast scene.

### **Bakgrunn for saka:**

Kommunestyret vedtok i sak 039/15 å utvide fleirbrukshallen med 5,8 m i høve til tidlegare planar for å gje plass til ei permanent scene.

Kostnadsramma på kr. 38 mill. som vart sett i sak 025/1 vart i samband med dette auka med kr. 800.000 til utvidinga inkl. naudsynt masseutskifting.

Kostnaden til sjølv scenen med utstyr ligg ikkje inne i denne summen, og det vart presisert at dette måtte handsamast som ei eiga sak.

### **Saksutgreiing:**

I etterkant av vedtaket om utviding av fleirbrukshallen, vart det sett ned ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å vurdere ulike sceneløysingar med kostnadsoverslag.

Denne gruppa har nå lagt fram si tilråding som inneber at ei permanent scene med utstyr vil krevje ei investering på ca. 1,7 mill., og då er ikkje VVA- og elektrotekniske arbeid rekna med.

For å kunne realisere ei slik løysing, må kostnadsramma utvidast.

### **Vurdering:**

Den løysinga scenegruppa gjer framlegg om, synes å vere ei kostbar men framtidsretta løysing.

For å redusere kostnaden og samtidig sikre at innbyggjarane får eit betre eigartilhøve til hallen, såg plangruppa for seg at deler av arbeidet kunne utførast som eit dugnadsarbeid, og scenegruppa sitt kostnadsoverslag for sjølv scenebygget har dette som ein føresetnad.

Totalentreprenøren for hallen ynskjer ikkje å opne opp for ei slik løysing før dei er ferdige med sitt arbeid, noko som inneber at scenen ikkje kan vera klar samstundes med ferdigstillinga av sjølv hallen.

Den einaste praktiske måte å få scenen klar samstundes med ferdigstilling av bygget elles, er å utvide totalentreprenøren sitt tilbod, og totalentreprenøren er derfor oppmoda om å gje pris på ei ferdig sceneløysing å tråd med scenegruppa si tilråding.

Arkitekten er i ferd med å lage ei beskriving som grunnlag for eit slikt utvida tilbod.

Det er derfor ikkje heilt klarlagt kva ei permant scene med utstyr vil kome på, og førebels er derfor scenegruppa si kalkyle på 1,7 mill. lagt til grunn.

Når det gjeld finansiering, har kommunestyret så langt godkjent ei total kostnadsramme på kr. 38,8 mill. for hallen.

Den totale løyvinga som er sett av i budsjettet er på kr. 39 mill, dvs. det er manglande finansiering for kr. 1,5 mill.

Scenegruppa har i si utgreiing vist til at det er mogeleg å få inntil 50% støtte frå ei nasjonal tilskotsordning for teknisk utstyr, akustikk og lokale (Musikkutstyrordningen).

Dersom ein legg dette til grunn, skulle det vera mogeleg å få eit tilskot på ca. kr.500.000, dvs. det manglar finansiering av ca. kr.1 mill.

Kommunen har ikkje eigenkapital til å dekke dette, og finansiering må derfor skje ved at låneramma vert utvida.

Eit evt. tilskot og sponsormidlar vil kunne redusere behovet for lånekapital.



# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	23.02.2016	014/16	ITO

Saksansv.: Ingunn Toft	Arkiv: K1-026, K2-G21, K3-&01 Objekt:	Arkivsaknr 14/558
------------------------	--	----------------------

### **Avtale om Bokn kommune sitt tilbud om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp med Helse Fonna HF.**

#### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

-Særavtale til tjenesteavtale 4- Tenesteavtale 4 mellom Bokn kommune og Helse Fonna HF, «Avtale om kommunen sitt tilbud om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp».

#### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Kommunestyret godkjenner «Særavtale til tjenesteavtale 4» slik den ligg føre.

### **23.02.2016 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA**

#### **SB-014/16 VEDTAK:**

Seniorrådet stettar Rådmannen sitt forslag til vedtak.

**Kva saka gjeld:**

Godkjenning av særavtale med Helse Fonna knytt til drift av kommunale øyeblikkeleg-hjelp senger.

**Bakgrunn for saka:**

Bokn har inngått vertskommunesamarbeid med Haugesund kring drift av det kommunale ØH-tilbodet frå 01.01.16. Haugesund kommune har eigen særavtale knytt til sitt ØH-tilbod. Helse Fonna ynskjer egne særavtalar med dei kommunane som har vertskommunesamarbeid med Haugesund – i tillegg til særavtalen dei har med vertskommunen. Særavtalen skal, i tråd med tenesteavtalen, godkjennast av kommune-styret.

**Saksutgreiing:**

Kommunane i Helse Fonna området har individuelle, men likelydande, tenesteavtalar med Helse Fonna. Tenesteavtale 4 omhandlar etablering og drift av kommunale øyeblikkeleg hjelp plassar (ØH-plassar). Ut frå avtaleteksten skal kvar kommune inngå særavtale med helseføretaket i samband med oppstart av ØH-tilbodet i kommunen. Avtalen var utforma og inngått i 2012, før dei første ØH-plassane var etablert. Ut frå dette er avtaleteksten noko «utdatert» og den vil bli revidert i løpet av 2016.

**Vurdering:**

Særavtalen endrar ikkje på nokre av føresetnadane for vertskommunesamarbeidet, drifta og/eller ØH-tilbodet , men sikrar at alle «partar» held seg innanfor det som står i gjeldande tenesteavtale. Ut frå ovannemnde vil rådmannen tilrå godkjenning av særavtalen.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	23.02.2016	015/16	JEN

<b>Saksansv.:</b> Jan Erik Nygaard	<b>Arkiv:</b> K1-122	<b>Arkivsaknr</b>
	<b>Objekt:</b>	15/368

### KLINIKKPLAN FOR 2015 -2019 OG TANNHELSE I BJERKREIM, BOKN OG KVITSØY

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	U	25.06.2015	Rogaland fylkeskommune	VS: Klinikplan for 2015-2019 og tannhelse i Bjerkreim, Bokn og Kvitsøy
2	I	02.07.2015	Tannhelse Rogaland v/ fylkestannlege Haver	Klinikplan for 2015-2019 og tannhelse i Bjerkreim, Bokn og Kvitsøy
3	I	04.02.2016	Fylkestannlege Helene Haver	Høring - Klinikplan for Tannhelse Rogaland

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kommune ber styret i Tannhelse Rogaland om å følge lovens ordlyd om i rimelig grad vere tilgjengeleg for alle, og dermed sjå på behov og utfordringar som innbyggjarane har og derfor oppretthalde tannlegekontor på Bokn.

HØYRINGSUTTALE FRÅ BOKN KOMMUNE

Ved at tannlækjarkontoret på Bokn er bemanna ein dag pr veke vil ikkje gje små fagmiljø. Tannlækjaren vil likevel ha hovuddelen av sitt daglege virke på eit større kontor, og vil ha kollegaer der som ein kan ha eit framleis godt fagleg miljø med. Bokn kommune er og kjent med tannlækjarar som kan vere aktuelle for å halde fram med vekentleg tilbod, og kor denne problemstillinga ikkje vert sett på som eit problem

Ift stordriftsfordeler, kan Bokn kommune ikkje sjå at dette vil vere eit vesentleg hinder for å ha vekentleg drift. Innkjøp kan gå via større kontor, medan det i hovudsak er utføringa av tenesta som vil føregå på Bokn.

Å gje pasientar det best moglege tilbod ut frå dagens normer og kommunikasjonstilbod ser Bokn kommune at er totalt feilslått for innbyggerane i Bokn. Medan tannlækjarkontoret har vore lokalisert på Boknatun, i same bygg som sjukestova samt i nabobygg til skule og barnehage, opplev innbyggerane no eit vesentleg dårlegare tilbod. Veldig mange innbyggerar i Bokn arbeidar i nabokommunar, og logistikken for å frakte barn til tannlækjaren er vanskeleg. Det går mange timar av ein arbeidsdag for å nytte tilbodet i Aksdal, mot det som tidlegare var lette tilgjengeleg. Tannlækjarkontoret i Aksdal har og hatt eit svært høgt sjukefråvær, med dårlege rutinar for varsling av pasientar, som har ført til at mange har hatt opptil fleire bomturar til Aksdal. Dette er svært dårleg samfunnsøkonomi og har skapt stor frustrasjon blant innbyggerane. At ein norsk kommune ikkje skal ha dei mest basale velferdstenestene som tannhelsetenesta og er, tilgjengelege for innbyggerane, er og for Bokn kommune uforståeleg.

Om Tannhelse Rogaland sitt vedtak om å leggja ned tannlækjarkontoret på Bokn vert gjennomført, vil kommunen vurdere å ta over ansvaret for tannhelsa i kommunen i samsvar med Stortinget sitt vedtak om overføring av nye oppgåver til kommunane.

## **23.02.2016 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA**

### **SB-015/16 VEDTAK:**

Seniorrådet stettar Rådmannen sitt forslag til høyringsuttale.

### **Kva saka gjeld:**

Tannhelse Rogaland er eit fylkeskommunalt føretak som sidan 1. januar 2004 ivaretek ansvar for den offentlege tannlækjartenesta i fylket. Tannhelse Rogaland har i Klinikplan 2015-2019 gitt føringar for framtidig klinikkstruktur. Resultatet for Bokn Kommune er at den vekentlege tannlækjardagen på Boknatun er teken vekk. Innbygarane har sidan sommaren 2015 måtte nytte tannlækjar i Aksdal i Tysvær kommune. Dei har laga plan for tannklinikane i fylket og vedtok denne i styremøte 9. april 2015. Planen er no sendt oss til høyring.

### **Bakgrunn for saka:**

I saksutredninga til styremøte i april 2015, og i innledning til planen, er det poengtert at *«Målet med planen er å utvikle en klinikkstruktur som tilbyr Rogalands befolkning tannhelsetjenester av god kvalitet og som er rimelig tilgjengelige»*. Lov om tannhelsetjenester pålegg og Rogaland fylkeskommune/Tannhelse Rogaland å drive tannhelsetenester som *«...i rimelig grad er tilgjengelige for alle...»*.

Innbygarane har sidan sommaren 2015 måtte nytte tannlækjar i Aksdal i Tysvær kommune. Avgjerda kom uventa på Bokn kommune og innbygarane. Rogaland fylkeskommune hevda at dei hadde fylgt gjeldande lovar og reglar, og at dei hadde orientert på eigne nettstader. Rådmann og Ordførar hadde i september 2015 møte med Tannhelse Rogaland for å drøfte prosessen.

I klinikplan 2015-2019 har Rogaland fylkeskommune opna for høyringar ift planen.

### **Saksutgreiing:**

I Klinikplan 2015-2019 for Nord-Rogaland er grunnlaget for ny struktur:

1. Tilstreккеleg kompetente tilsette. Små faglege miljø hindrar dette.
2. Oppnå stordriftsfordeler.
3. Gje pasientar det best moglege tilbod ut frå dagens normer og kommunikasjonstilbod.

I klinikplanen på s. 9-12 er det omtalt Nord-Rogaland tannhelsedistrikt som Bokn er ein del av. Det er konkludert med å flytte den ambulerande tannklinikken frå Bokn til Tysvær tannklinik. Det er i planen omtalt at det er teke omsyn til kravet om kvalitet, stabilitet og fleksibilitet samt pasientane og dei tilsette, utan at dette er gjort nærare greie for.

### **Vurdering:**

Rådmannen rår til at Bokn kommune fremmar sitt syn på framtidig tannlækjarstruktur ved å gje høyringsuttale på at tannlækjartilbodet på Bokn skal bestå ved å vise til behov, utfordringar og tilgjengelighet som Bokn kommune sine innbygarar har.



# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	23.02.2016	016/16	JEN

<b>Saksansv.:</b> Jan Erik Nygaard	<b>Arkiv:</b> K1-033	<b>Arkivsaknr</b>
	<b>Objekt:</b>	16/44

### Felles forliksråd for Tysvær og Bokn for perioden 01.01.2017 - 01.01.2021

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	08.01.2016	Geir.Fosby@dss.dep.no,	Valg av forliksrådsmedlemmer og skjønnsmedlemmer 2017
2	U	15.02.2016	Valde forliksrådsmedlem og vara.	Val av medlemmer til Bokn forliksråd frå 01.01.2017.

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Bokn kommunestyre vedtar at det blir oppretta eit felles forliksråd for Bokn kommune og Tysvær kommune frå 01.01.2017.
2. Felles forliksråd for begge kommunane får namnet « Forliksråd for Tysvær og Bokn».

3. Sekretariatet for Forlikrådet i Tysvær og Bokn blir Tysvær lensmannskontor

4. Val av medlemmer til felles forlikråd for Tysvær og Bokn blir foretatt som fylgjande:

Bokn kommunestyre oppnemner eit fast medlem og eit varamedlem. Tysvær kommunestyre oppnemner to faste medlemmer, herunder leder, og to varamedlemmer.

Valet skal vere foretatt innan 15.10.2016

5. Val av møtefullmektigar til Forlikrådet for Tysvær og Bokn vil bli føretatt som følgjande:

Bokn kommune v/ rådmannen oppnemner ein møtefullmektig til forlikrådet.

Tysvær kommune v/ rådmannen oppnemner tre møtefullmektigar til forlikrådet.

Valet skal vere føretatt innan 15.10.2016.

Boknatun, 16. februar 2016

Jan Erik Nygaard  
rådmann

Gro A. Sørensen  
leiar i servicetorget

## **23.02.2016 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA**

### **SB-016/16 VEDTAK:**

Seniorrådet stettar Rådmannen sitt forslag til vedtak.

**Kva saka gjeld:**

Felles forliksråd for kommunane Tysvær og Bokn for perioden 01.01.2017 til 31.12.2020.

**Bakgrunn for saka:**

Saka har bakgrunn i at medlem i Bokn forliksråd i inneverande periode har retta forespurnad om det ikkje er mogleg å oppretta felles forliksråd for Bokn og Tysvær kommune. Bokn forliksråd har få saker gjennom perioden og det er vanskeleg å møta «skapskodde» advokatar og terminologien i jussen. Når ein ikkje har eit større «fagmiljø» og fleire saker her på Bokn føler ein seg lite trygg i å vere med på å vedta utfall i sivile saker som skal avgjerast av forliksrådet.

Vidare har ordførerane i begge kommunar diskutert saka og uttalt at ein må sjå om det kan la seg gjera å ha eit felles forliksråd for begge kommunane i den kommande perioden.

**Saksutgreiing:****Forliksråd:**

Alle kommunar skal ha eit forliksråd som skal ha tre medlemmer og like mange varamedlem som skal bestå av både kvinner og menn. Kommunestyret skal velje eit av medlemmene til formann, jfr. domstollovens § 27 første og andre ledd.

I lensmannsdistrikter er lensmannen sekretariat for forliksrådet, jfr. domstollovens § 27 sjette ledd. Lensmannen i Tysvær er per i dag sekretær for både Tysvær og Bokn sine forliksråd.

Loven åpner opp for samarbeid mellom flere kommuner om felles forliksråd.

« De kommuner som har felles sekretariat for forliksrådet og ligger i samme domssogn, kan med tilslutning av minst 2/3 av hver av kommunestyrene sine medlemmer beslutte å ha felles forliksråd dersom kommunene samtidig er enige om hvor mange medlemmer og varamedlemmer hver kommune skal velge og om hvordan det skal sikres at det blant medlemmene og varamedlemmene er både kvinner og menn. Felles forliksråd kan oppnevnes uavhengig av funksjonsperioden etter § 57», jfr. domstoloven § 27 syvende ledd.

**Møtefullmektig:**

I følge forlikrådsforskriften § 3 skal der være eit utval av faste møtefullmektigar for forliksrådet. Møtefullmektigen vil møte i forliksrådet på vegne av ein part i dei tilfeller parten ikkje kan møte sjølv. Det skal vere minimum tre medlemmer i utvalet og det er ein fordel at fullmektigane har noko kunnskap om forliksrådet sitt arbeid. Det er ikkje eit krav om at møtefullmektigane skal vere busett i kommunen.

Fullmektigane oppnevntast for 4 år av gangen og det er vanleg at kommunestyret gir rådmannen fullmakt til å oppnemne møtefullmektigar.

Rådmannen vil føreslå at det i eit felles forliksråd oppnemnes 4 møtefullmektigarr og at tre av desse oppnemnes av rådmannen i Tysvær og at ein møtefullmektig oppnemnes fra Bokn kommune ved rådmannen i Bokn

**Vurdering:**

Mange kommunar har i dag valgt å ha felles forliksråd.

Ei samanslåing av forliksråd vil sannsynligvis i hovedsak ha positive virkningar. Det vil bidra til å auka kompetansen hos forliksrådets sine medlemmer på grunn av fleire saker, ei forenkling av rutinar for sekretariatet og reduserte driftskostnadar for lensmannskontoret då ein har kun eit forliksråd å administrere mot tidligare to.

Eit felles forliksråd vil ha kapasitet til å håndtere innkomne saker fra begge kommuner og vil også enklare kunne sikra seg mot at det oppstår habilitetsproblem i enkeltsaker ved at man har medlemmar frå to kommunar å velje mellom. Eit felles forliksråd vil også bidra til lik saksbehandling innan same domssogn.

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	23.02.2016	017/16	AOS

<b>Saksansv.:</b> Solrunn Alvestad	<b>Arkiv:</b> K1- <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 16/112
------------------------------------	-------------------------------------	-----------------------------

### Takstnemd for eigedomskatt

#### Dokumentliste:

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova § 13  
Eigedomskattelova § 8

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet vedtar ihht kommunelova § 13; (hasteparagrafen)  
Takstnemda for eigedomskatt i Bokn kommune vert utnemnd som ei sakkunning nemnd som skal setje taksten på grunnlag av forslag frå tilsette synfaringsmenn.

### **23.02.2016 SENIORRÅD/RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA**

#### SB-017/16 VEDTAK:

Seniorrådet stettar Rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **Kva saka gjeld:**

I kommunestyret vart det utnemnd ei takstnemnd for eigedomskatt. Det er 2 alternativ for nemnda, med 2 ulike funksjonar. Ei ordinær nemnd må sjølv foreta befaringar og gjennomføre takseringar, medan ei sakkunnig nemnd skal setje taksten på grunnlag av forslag frå tilsette synfaringsmenn.

### **Bakgrunn for saka:**

#### **Utdrag frå Eigedomskattelova:**

##### *8 A-3. Verdsetjing*

- (1) Egedomen skal verdsetjast ved takst.
  
- (2) Det skal vere ei allmenn taksering i kommunen kvart tiande år. Dersom det ligg føre særlege tilhøve, kan kommunestyret avgjere at ny taksering skal skje tidlegare eller seinare enn dette, men ikkje seinare enn tre år etter at siste allmenne taksering skulle ha skjedd. Kommunen dekkjer kostnadene ved taksering, og kommunestyret utnemner dei personane som skal stå for takseringa.
  
- (3) Formannskapet eller skattytar kan krevje overtakst.
  
- (4) Kommunestyret kan i staden for løysinga i andre ledd, utnemne ei sakkunnig nemnd som skal setje taksten på grunnlag av forslag frå tilsette synfaringsmenn.

#### Saksutgreiing:

Vi har nå hatt ein ein profesjonell takstmann som har gjennomført taksering og lagt fram forslag til takst for alle verk og bruk i Bokn. Dersom taksten skal endrast i 2016 må vi ha takseringsprotokollane frå takstnemnda ferdige innan 1. mars.

#### Vurdering:

Ein ser det vanskeleg av takstnemnda kan gjennomføre befaring og taksering av telelinjer, gassrørledning, el-linjer, oppdrett og produksjonsbedrifter innan den gitte fristen. På grunn av den korte fristen ber ein om at Formannskapet ihht kommunelova § 13, vedtar at nemnda for eigedomskatt vert utnemnd som ei sakkunning nemnd som kan bruke takstmannen sitt grunnlag for å fastsetja eigedomskatten.

**Tilleggsak:**

Praktisk gjennomføring av Seniorrådsmøta/rådet for funksjonshemma vart drøfta. Det vert opplevd som uhensiktsmessig at møta vert lagt på same dag og to timar før Formannskapet. Det vil vere vanskeleg for Formannskapet å gjere seg kjent med Seniorrådets vedtak før vedtak skal gjerast i Formannskapet. I førre periode var det 1 møte i Seniorrådet før kvart kommunestyre uavhengig av Formannskapsmøta.

Seniorrådet ynskjer at kommunestyret tek stilling til praktisk gjennomføring av Seniorrådsmøta/rådet for funksjonshemma slik at deira innstilling vert gjort kjent før anna politisk behandling.